

Hordaland Fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga
Pb. 7900
5020 BERGEN

Saksnr.	Arkivkode	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
14/1 - 71	243/ Coo/	Tom Leonsen - 56575250		03.10.2014

FORDELING AV TILSKOT TIL LOKALE KULTURBYGG-KLAGE PÅ VEDTAK , ANLEGGSNR 1243009601 OS SENIORSENTER

Os kommune v/kultureininga har frå Stiftelsen Os eldresenter mottatt klage på vedtak i fordeling av tilskot til lokale kulturbygg. Grunngeving på avslag frå Hordaland Fylkeskommune er at kulturbygget ikkje er ope for alle.

Stiftelsen har gjennom klagen kome med meir utfyllande informasjon der dei synleggjer aktiviteten som vert gjennomført på senteret. Dei meiner dermed at dei oppfyller gjeldande krav for å få ein godkjend søknad som utløyser tilskot til lokale kulturbygg.(vedlegg)

Uttale: Me ser at informasjon i behovsvurdering gjennom opprinneleg søknad kunne ha vore meir belyst. Stiftelsen har lagt mykje vekt på dei eldre sin aktivitet og mindre omtalt anna kulturell aktivitet på huset. Dette kan oppfattast som om kulturbygget kun har aktivitet for dei eldre.

Kulturbygget er lokalisert sentralt i sentrum, fungerer som kulturelt møtestad for alle grupper og ingen vert stengd ute av religiøse, politiske eller sosiale omsyn. Me ynskjer på vegne av Stiftelsen at søknaden vert vurdert på nytt gjennom informasjon som her har kome fram.

Stiftelsen ynskjer Fylkeskommunen velkommen til synfaring av kulturbygget dersom dette er ynskjeleg i vidare behandling av saka.

Med helsing

Lisbeth Lunde Axelsen
Kultursjef

Tom Leonsen
Koordinator for idrett og friluftsliv

Vedlegg: Klage på vedtak v/Stiftelsen Os Eldresenter
Vedtak- Hordaland Fylkeskommune

Kopi: Stiftelsen Os Eldresenter v/Johannes Taule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 30 75 26	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56575250		